


Time kommune

Skulebruksplan 2020-2028

Vedtatt i Time kommunestyre 27.10.2020



Innhald

Innleiing	2
Behov og kapasitetsfokus	3
Arealplan og framtidige utbyggingar	3
Storleik på skular	6
Elevtalsutvikling og kapasitet på skulane i Time.....	7
Bryne skule	8
Bryne ungdomsskule	8
Vardheia ungdomsskule	8
Frøyland skule	9
Frøyland ungdomsskule.....	9
Hognestad skule.....	9
Lye skule.....	9
Lye ungdomsskule.....	9
Rosseland skule	10
Undheim skule	10
Time kulturskule.....	10
Bryne kompetansesenter	11
Organisatorisk og pedagogisk fokus	12
Rekruttering	12
Lærarar.....	12
Leiing	14
Resultat og kvalitet i Timeskulen.....	15
Kvalitet	15
Nasjonale føringar	15
Time kommune vurdert opp mot nasjonale mål	16
Mål 1: Inkluderande læringsmiljø	16
Mål 2: Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg slik at alle får utvikla potensialet sitt	17
Bygningsmessig fokus	18
Økonomisk fokus	18
Oppfølging av vedtak i kommunestyret i sak om Skulebruksplan 2018-2025	20
Ny barneskule på Bryne.....	20
Endra regulering av tomt til Re skule:.....	21
Hognestad skule:.....	24
Rettleiande inntaksgrenser for ungdomsskulane på Bryne	25
Rettleiande inntaksgrenser for nærskulane på ungdomstrinnet i Bryne	28
ATO avdeling.....	29
Felles ATO avdeling mellom Klepp og Time kommune	29
Symjehall	29
Lokale til kroppsøving på Bryne skule	30
Leiing på skulane	30
Uløyste oppgåver som er omtala i planen:.....	30

Innleing

Førre skulebruksplan blei utarbeidd i 2018 og omhandlar perioden 2018-2025. I kommunestyret 08. mai 2018 (KS-020/18) blei det gjort vedtak om at revidert skulebruksplan skal leggjast fram for kommunestyret i 2020. Det skal vurderast kva som er status knytt til elevtalsutvikling og behov framover. Samt ein presentasjon av kapasitet og status på skulebygg. Framskrivningane viser ein fortsatt nedjustert vekst i forhold til presenterte tal i Skulebruksplanen 2018-2025.

Kommuneplan Time kommune 2018-2030 Arealdelen - Fase 1, føringane med mål og tiltak i Strategiplan for oppvekst 2016-2022, Timeplan 2020-2023, rapport etter Omstilling skule 2017, og lovkrav og nasjonale føringar er del av grunnlaget for innhald og forslag til framtidige løysingar for skulekapasitet i kommunen.

13. februar 2020 vart det gjennomført dialogmøte med rektorane, foreldrerepresentantar frå skulane, politikarar i Levekår, tillitsvalte frå Fagforbundet og Utdanningsforbundet og administrasjonen der ein diskuterte ulike problemstillingar knytt til Skulebruksplanen. Tankar og innspel frå møtet er teke med som del av planen.

Skulebruksplan 2020-2028 går over to planperiodar 2020-2024, 2024-2028. I dokumentet vert desse omtala som planperioden. Det vil bli utforma ny eller revidert Skulebruksplan ut frå behov i 2024.

Skulebruksplanen 2020-2028 er delt inn i følgjande område:

1. **Behov og kapasitetsfokus**
2. **Organisatorisk og pedagogisk perspektiv**
3. **Bygningsmessig fokus**
4. **Økonomisk fokus**
5. **Oppfølging av vedtak i kommunestyret i sak om Skulebruksplan 2018-2025**

Behov og kapasitetsfokus

Korleis sikra skulekapasitet på rett stad med langsiktige utviklingsmoglegheiter?

Arealplan og framtidige utbyggingar

Kommuneplan Time kommune, 2018-2030- Arealdelen – Fase 1 blei vedteken i kommunestyret desember 2019. Planen er eit viktig grunnlagsdokument for skulebruksplanen for å sikra at det er kapasitet, vurdering av eksisterande skular og for å avdekka behov for framtidig behov for nye skular. For å sikra langsiktig perspektiv må ein og sjå på, og vurdere konsekvensane av planlagde utbyggingsområde ut over planperioden, der dette ligg føre.

Føringane for kommunen er at ein skal ha ein kommuneplan for heile kommunen. Denne skal syna samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruken. I planprogrammet til arealdelen kjem det fram at auken i folketalet som vist i tidlegare Skulebruksplanar vert sentralt på Bryne og på Kvernaland. *«Det er venta størst auke i folketalet på Bryne og Kvernaland. Auken på Bryne er likevel nedjustert frå 48 % til 34 %. Lyefjell viser ein svak nedgang etter nedjusteringa av bustadbyggjeprogrammet. Folketalet på Undheim og Hognestad viser ein nedgang fram mot 2027.»* ([Kommuneplan 2018 – 2030, Planprogram](#))

Mål som er sett for kommunen i Arealdelen er *«...å skapa eit samfunn som fremmar helse og skapar trivsel for alle innbygarane. Gjennom planlegging vil kommunen leggja til rette for gode lokalsamfunn og bustadområde. Eigne fortettingsstrategiar for dei ulike tettstadane og for Bryne skal sikra varierte bustadtypar og attraktive bumiljø med sosiale møteplassar, område for lek, rekreasjon og nærfriluftsliv for barn, unge og vaksne.»*


Vidare blir det lagt vekt på at: *«For å kunna ha gode kvardagsliv i byen og tettstadane må mennesket settast i fokus når me skal bu tettare. Innbygarane sin kvardag har sitt utspring i heimen. Derfor er det viktig å sjå på kva for bustadar og bumiljø me ønsker å leggja til rette for, plassering av aktivitetar mange nyttar og korleis det er å koma seg til dei ulike målpunkta til fots, med sykkel eller i bil. Det skal leggest vekt på arbeidsplassar, butikkar, friområde, organiserte fritidsaktivitetar, leikeplassar, skule og barnehage.»* ([Kommuneplan 2018 – 2030, Arealdel, fase 1](#))

Strategien i planen er ei fortetting på dei ulike tettstadane og på Bryne. For Bryne er det utforma eigen kommunedelplan der dette er fastsett. For Kvernalandområdet er utviklingsretninga i all hovudsak avgjort i «Interkommunal kommunedelplan Bybandet sør 2013-2014». I planen står det vidare at Lyefjell ikkje har moglegheiter for fortetting, men er planlagt med to nye utbyggingsområde. På lang sikt vert Lyefjell vurdert som eit viktig område for vidare planløsning på Jæren. På Undheim er det godkjente reguleringsplanar som vil kunna dekkja behovet for bustadar i planperioden. På Hognestad vert det ikkje lagt til rette for ny utviklingsmoglegheit. Arealdelen presenterer med dette retninga på utviklinga på lang sikt for kommunen. Arealdelen og handlingsplanen (Timeplan 2020-2023) utgjer eit viktig grunnlag i vurderingane som skal gjerast knytt til utviklinga av skulane framover i tid.

Undheim og Lye- skulane har god kapasitet til å imøtekoma vekst ved fortetting og utbygging. Frøyland ungdomsskule går ut over kapasitet i 2023, men dette vil ut planperioden løysast gjennom sambruk med Frøyland skule i Bygg C. Bryne ungdomsskule vert avlasta når Vardheia ungdomsskule startar opp august 2021, og det vil vera god kapasitet ut over

planperioden. Bryne skule har kapasitet ut planperioden, og elevtalet ved Rosseland skule vil frå 2024 gå ned og vera innanfor eigen kapasitet ut planperioden.

Ser ein ut over perioden for kommuneplan Time kommune 2018-2030 for Bryne kjem det fram av godkjente reguleringsplanar at det potensielt kan bli stor vekst i området som i dag soknar til Bryne skule.



Søylene til venstre syner utbygging der det ikkje er rekkefølgekrav, søylene i midten syner utbyggingar etter 2025 og søylene til høgre syner utbyggingar etter 2030. Diagrammet syner at det for barneskulane er Bryne skulekrins som er det største nedslagsfeltet for framtidig utbygging ut over planperioden. Prognosane som ligg til grunn for Skulebruksplanen 2020-2028 tek ikkje høgd for denne potensielle utbygginga som kan koma etter 2030, og som vil kunna medføra behov for ny barneskule i sentrum.

Godkjende utbygging/fortettingsområde på Bryne

Rosseland skulekrins

	Tal på bustader		
Utbygging starta			
<i>Plan 076 («Tunheimgarden»)</i>	<i>98 (ca 1/3 del er under utbygging)</i>		
	Rekkefølgekrav		
Regulert	Ingen	2025	Etter 2025
<i>Plan 0516 (Trallfavegen 7»)</i>	115		
<i>Plan 0464 («#Jernbanegata/Orrevegen»)</i>	24		
Regulering starta			
Ikkje regulert			
<i>BB11</i>	30		
<i>BFB4</i>		60	

Bryne skulekrins

	Tal på bustader		
Utbygging starta:			
<i>Plan 0442 «Ree»</i>			
• <i>Delfelt B2</i>	93 (60 bygd/sett i gang)		
Ferdig regulert – utbygging ikkje starta			
<i>Plan 0272.02 («Jysk»)</i>	24		
<i>Plan 0442 «Ree»</i>			
• <i>Delfelt B1</i>	94		
<i>Plan 0443 («Bryne stadion)</i>			
• <i>Delfelt BFK1 (nord)</i>	30		
• <i>Delfelt BB1 + BB2 (sør)</i>	60		
<i>Plan 0453 («Meieritomta»)</i>	93		
<i>Plan 0458 («Stemmen»)</i>	55		
<i>Plan 0482 («Remarka»)</i>	60		
<i>Plan 0499 («Solbergkvartalet)</i>	22		
<i>Plan 0296 (Reefeltet»)</i>	34		
	Rekkefølgjekrav		
Regulering starta	Ingen	2025	Etter 2030
<i>Plan 0489 («Brynegarden»)</i> (områderegulering)			
• <i>Feltene BK1 og BF</i>	90		
Ikkje (detalj)regulert			
<i>Plan 0489 («Brynegarden»)</i>			
• <i>Felt BK2 (BB2 – KP 2018-2030) *)</i>		65	125
• <i>Felt BK3 (BB3 –KP2018-2030)</i>			
• <i>Felt BK4 (BB1 – KP 2018-2030)</i>		90 (2028)	
<i>BB5 (KP 2018-2030)</i>		55	
<i>BB6 - BB8 (KP 2018-2030)</i>			615
<i>BB9 (KP 2018-2030)</i>		140	
<i>BFB3</i>			20

*) Arealutnytting framtidige bustadområde (KP2018-2030): min. 5 bustader /dekar

Storleik på skular

Tidlegare var det statleg tilrådd å ikkje ha skular som var større enn 450 elevar. Det er no ikkje statlege føringar på skulestorleik.

Grunnskulane i Norge har skuleåret 2019/2020 i gjennomsnitt 227 elevar, som er 26 fleire elevar enn for 10 år sidan ([Utdanningsspeilet 2019](#)). Time har fire av ni skular som er under landsgjennomsnittet på elevtal. Utviklinga nasjonalt dei seinare åra er at skular med mindre enn 100 elevar har gått kraftig ned, mens det er størst auke av skular med meir enn 500 elevar i sentrale stork. Skulestruktur med skular som har færre elevar enn 300 gjev høgare kostnad rekna per elev, og i Time har fem av ni skular færre enn 300 elevar.

Arealmessige forhold

Lovar og forskrifter knytt til skuleanlegg

Det føreligg ikkje statlege arealkrav for skuleanlegg. Arealnormer for grunnskule vert vedteke i den einsskilte kommunen, men skal vera i.h.t lovar og forskrifter. Time kommune har ikkje utarbeidd eigne føringar, men har valt å bruka Stavanger kommune sin plan «[arealnormer for nye skulebygg 2014](#)» som grunnlag for tilbygg, og bygg av nye skular dei seinare årane. Sentralt i denne samanhengen er forskrift om miljøretta helsevern i barnehage og skular, forskrifter vedrørande byggtkniske krav (TEK10) og krav til universell utforming, samt opplæringslova og arbeidsmiljølova.

I rettleiar til forskrift om miljøretta helsevern er storleik på inneareala i grunnskular og vidaregåande skule presisert (Helsedirektoratet 2014₂):

«Undervisningsrom/Klasserom: Ved beregning av maksimale elevtall i et undervisningsrom, bør det tas hensyn til hele læringsarealet som klassen/elevgruppen disponerer. Det må også tas hensyn til rommenes utforming, innhold og ventilasjonsforhold. Læringsarealet til en klasse/elevgruppe skal legges til rette for varierte arbeidsformer og tilhørende utstyr.

Når en klasse/elevgruppe disponerer tilleggsarealer (grupperom, formidlingsrom eller andre rom) i nærheten av klasserommet/hovedrommet, må klasserommet/hovedrommet planlegges etter en arealnorm på minimum 2 m² per elev. Så lenge inneklimate er tilfredsstillende og aktiviteten i rommet er tilpasset, kan elevtallet i enkeltrom (som f.eks. formidlingsrom og auditorier) gjerne være høyere enn normen på 2 m² per elev tilsier. Dersom klassen/elevgruppen ikke disponerer tilleggsarealer i nærhet til klasserommet/hovedrommet, bør arealet være større, helst opp mot 2,5 m² per elev. Areal for ansatte kommer i tillegg til arealnormen.

***Spesialiserte læringsareal:** Spesialiserte læringsarealer er rom som er innredet med tanke på andre aktiviteter enn de det er lagt til rette for i klasserommet eller hovedrommet til en klasse eller elevgruppe, og som disponeres av flere klasser/elevgrupper. Eksempel på slike rom er rom til naturfag, musikk, kroppsøving, kunst og håndverk og mat og helse. I videregående skole vil spesialiserte læringsarealer også omfatte verksteder og spesialutstyrte rom for ulike utdanningsprogram. Det kan ikke settes et bestemt arealkrav til slike rom fordi det vil variere etter hvilket utstyr og inventar som er nødvendig og hvilke aktiviteter som skal foregå.*

Vurderingene av disse arealene må basere seg på om sikkerheten og krav til inneklimate som luft, lys og akustikk er ivaretatt (jf. § 14).» (Helsedirektoratet 2014, s. 18-19).

Om uteareala vert følgjande presisert:

Skolenes utearealer må være trafikk sikre og by på muligheter for fysisk aktivitet, men også sosialt samvær, rekreasjon og hvile. Disse hensynene bør ivaretas allerede ved gjennomgang av reguleringsplan og valg av beliggenhet for skolen.

Utformingen må fremme lek og motorisk utvikling, stimulere til egenaktivitet, men også til organiserte aktiviteter bl.a. i undervisningen. Alle elever må kunne bruke utearealet. Det foreligger generelle anbefalinger om minimum nettoareal per elev på 50 m² justert etter skolestørrelse og beliggenhet (IS-1130 helsedirektoratet).

For nye skoler er anbefalingen (ref. rapport fra IS-1130/ 2003):

- Færre enn 100 elever samlet minimumsareal ca. 5000 m².
- Mellom 100 og 300 elever samlet minimumsareal ca. 10 000.
- Flere enn 300 elever samlet minimumsareal ca. 15 000 m² med tillegg på 25 m² for hver elev over 300» (Helsedirektoratet 2014, s. 18-19).

Elevtalsutvikling og kapasitet på skulane i Time

Grunnlaget for den nye framskrivinga for grunnskulen er basert på følgjande faktorar;

- Demografiske nøkkeltal (fødsjar, dødstal og flytting) for dei fire siste åra
- Planlagd utbygging basert på innmelde prosjekt og arealplanlegging i kommuneplanen som gjeld fram til 2030

I dei følgjande diagramma vert framskriving av tal som syner elevtalsutviklinga for komande planperiodane presentert. Det er for barneskulane lagt inn ein buffer på 2% for å kunna ivareta svingingar mellom storleik på barnekulla som kjem frå barnehagane og for ev. tilflytting. Det er lagt inn kva som er kapasiteten ved den enkelte skulen, som igjen er merka med grønt der det er kapasitet, og raudt der elevtalet har gått over kapasiteten.

Grunnlaget for framskriving av prognosane for skulane:

- Verktøyet Kompas vert brukt for å henta ut folkemengd for i alderen 6-15 år i Time kommune.
- Det vert vidare gjort uttrekk av talet på elevar frå GSI-systemet (Grunnskulens informasjonssystem).
- Tala frå GSI kan vera lågare enn folketalet som ein konsekvens av at elevar går i privatskular, andre skulekrinsar m.m.
- Avviket mellom desse tala gjev ei dekningsgrad for den enkelte skulen som vert nytta i framskrivinga.

Det er nytta dekningsgrad for sist år på skulane som rettleiande for framskrivinga i planen. Framskriving av elevtal tek utgangspunkt i forventa folkemengd 6-15 år i 2020 multiplisert med dekningsgrad for den enkelte skulen.

Fargekodar knytt til framskrivingane for den enkelte skulen i planen:

Årstal	Forklaring
2019	Tal er henta frå GSI
2020	Tal er henta per august 2020
2021→	Framskriving fram til 2028

Bryne skule

Skulen har kapasitet for 525 elevar. Det var tenkt 3 parallellar med 25 elevar per klasse i alle sju trinna. Klasseromma i midtbygget klarer ikkje ta større elevgrupper enn 21 per rom. Trinn med fleire enn 75 elevar i midtbygget må delast i fleire klassar per trinn enn om romma hadde hatt større kapasitet. Med tanke på spesialrom er det etter kvart ei utfordring med kapasitet i gymsalen ved Bryne skule. Bryne skule har per i dag berre nynorsk-klassar. Dersom det vert oppretta bokmålsgrupper kan dette utfordra kapasiteten med klasserom.

Bryne skule har ei avdeling for elevar som treng ekstra tilpassing, og dei har fleire elevar som har ekstra utsyr som t.d. rullestolar, heisar, m.m.

Brakkene som tidlegare blei brukte på Bryne u er plassert ved Bryne skule. Desse kan brukast som midlertidig løysing, og har kapasitet for 56 elevar om behov.

Prognosen syner at det er ledig kapasitet i planperioden.

	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Folkemengd 6-12 år	508	508	497	479	475	479	485	482	486	489
Elevar	501	500	492	474	470	474	481	477	481	484
Behov +2% buffer	511	510	502	483	479	483	490	487	491	494
Kapasitet utan brakka	525	525	525	525	525	525	525	525	525	525
Behov nye plassar	● 14	● 15	● 23	● 42	● 46	● 42	● 35	● 38	● 34	● 31
Kapasitet med brakke	581	581	581	581	581	581	581	581	581	581
Behov nye plassar	● 70	● 71	● 79	● 98	● 102	● 98	● 91	● 94	● 90	● 87

Bryne ungdomsskule

Bryne ungdomsskule har etter utbygging kapasitet til 450 elevar. Skulen er delt inn i tre trinnområde som har kapasitet til 150 elevar per trinn etter ferdigstilt nybygg august 2017. Klassetrinna på ungdomsskulen er nå på om lag 150 elevar, og vil gå over kapasiteten i 2021. Bryne ungdomsskule har med utvidinga til 450 elevar hatt utfordringar i forhold til hallkapasitet. Prognosen under syner alle elevane på ungdomstrinnet i Bryne før elevar til Vardheia ungdomsskule er flytta.

	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Folkemengd 13-15 år	436	454	495	529	540	537	526	510	512	492
Elevar	414	426	471	502	513	510	500	485	487	467
Kapasitet	450	450	450	450	450	450	450	450	450	450
Behov nye plassar	● 36	● 24	● (21)	● (52)	● (63)	● (60)	● (50)	● (35)	● (37)	● (17)

Vardheia ungdomsskule

Vardheia ungdomsskule er eit samarbeidsprosjekt mellom Klepp og Time kommune som vert regulert gjennom ein vertskommuneavtale. Time kommune står som eigar og utbyggjar av skulen, som skal stå klar til bruk frå august 2021. Den nye ungdomsskulen har kapasitet til 450 elevar, der kommunane har 225 elevplassar kvar. Time kommune har arbeidsgjeveret for dei tilsette og oppfølgingsansvaret knytt til kvalitet. Prognosar for elevtalsutviklinga vert avgjort ut frå val av rettleiande inntaksgrenser for skulen.

Frøyland skule

Frøyland skule har etter ferdigstilling av nybygg og fleirbrukshall kapasitet til å ta i mot 540 elevar. Frøyland barneskule har god kapasitet ut over planperioden.

	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Folkemengd 6-12 år	404	404	402	410	391	393	397	402	404	410
Elevar	395	392	395	402	384	386	390	394	397	402
Behov +2% buffer	403	400	403	410	392	393	398	402	404	410
Kapasitet	540	540	540	540	540	540	540	540	540	540
Behov nye plassar	● 137	● 140	● 137	● 130	● 148	● 147	● 142	● 138	● 136	● 130

Frøyland ungdomsskule

Frøyland ungdomsskule har ein kapasitet på 154 elevar. Etter framskrivinga, har skulen kapasitet fram til 2022. Når veksten går over kapasiteten i 2023 vil dette verta løyst gjennom sambruk med Frøyland skule.

	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Folkemengd 13-15 år	142	153	170	160	186	185	196	176	177	175
Elevar	128	142	153	144	167	167	177	159	159	158
Kapasitet	154	154	154	154	154	154	154	154	154	154
Behov nye plassar	● 26	● 12	● 1	● 10	● (13)	● (13)	● (23)	● (5)	● (5)	● (4)

Hognestad skule

Elevtalsutviklinga ved Hognestad skule ligg i overkant av 90 elevar fram mot 2022. Deretter syner framskrivinga nedgåande trend ut perioden. Skulen sine bygg er ikkje i god stand og vert omtala i siste del av planen.

	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Folkemengd 6-12 år	83	81	78	77	73	73	69	62	62	63
Elevar	96	91	91	89	84	84	80	72	71	73
Behov +2% buffer	98	93	92	91	86	86	81	74	73	74
Kapasitet	100	100	100	100	100	100	100	100	100	100
Behov nye plassar	● 2	● 7	● 8	● 9	● 14	● 14	● 19	● 26	● 27	● 26

Lye skule

Lye skule har ein kapasitet på 350 elevar. Prognosen syner at skulen har god kapasitet i planperioden.

	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Folkemengd 6-12 år Lye	293	301	308	308	307	303	304	301	299	299
Elevar	269	284	285	286	285	281	282	279	278	278
Behov +2% buffer	274	290	291	292	291	287	288	285	283	283
Kapasitet	350	350	350	350	350	350	350	350	350	350
Behov nye plassar	● 76	● 60	● 59	● 58	● 59	● 63	● 62	● 65	● 67	● 67

Lye ungdomsskule

Lye ungdomsskule har ein kapasitet på 180 elevar. Framskrivinga viser at elevtalet vil auka noko fram mot 2023. Skulen har med auka elevtal frå Undheim framleis god kapasitet i planperioden.

	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Folkemengd 13-15 år Lye og Undheim	141	153	153	167	176	185	177	173	173	180
Elevar	122	117	132	145	152	160	153	150	149	155
Kapasitet	180	180	180	180	180	180	180	180	180	180
Behov nye plassar	● 58	● 63	● 48	● 35	● 28	● 20	● 27	● 30	● 31	● 25

Rosseland skule

Skulen har kapasitet for 525 elevar. Skulen er delt inn i basar med klasserom av ulik storleik. Samla er det dimensjonert for 75 elevar per base, med ulikt elevtal etter storleik på klasseromma. Prognosane viser at skulen i dag har fleire elevar enn kapasitet. Dette er i dag løyst ved at 6. og 7. trinn er flytta over til klasserom i gamle Time vidaregåande skule.

Framskrivinga syner at veksten går nedover fram mot 2023, og at det i utgangspunktet er plass til alle elevane frå 2025 og framover. Rosseland skule må etter 2025 fortsetja å bruka klasserom i gamle Time vidaregåande skule. Dette fordi elevtalet ikkje fordeler seg på 75 elevar som basane i skulen er bygd for.

	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Folkemengd 6-12 år	599	606	578	584	559	536	513	504	476	481
Elevar	572	584	557	563	539	517	494	486	459	463
Behov +2% buffer	583	596	568	574	550	527	504	495	468	473
Kapasitet	525	525	525	525	525	525	525	525	525	525
Behov nye plassar	● (58)	● (71)	● (43)	● (49)	● (25)	● (2)	● 21	● 30	● 57	● 52

KAPASITAT MED 6. og 7. i Time VGS	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Behov nye plassar	● 111	● 98	● 126	● 120	● 144	● 167	● 190	● 199	● 226	● 221

Undheim skule

Undheim skule vil ikkje ha kapasitetsproblem i dei komande planperiodane. Barnetrinnet vil vera på om lag 110 elevar og har god kapasitet i planperioden.

	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Folkemengd 6-12 år	112	116	121	120	115	117	108	110	107	103
Elevar	107	113	116	115	110	112	104	106	103	99
Behov +2% buffer	109	115	118	117	113	114	106	108	105	101
Kapasitet	183	183	183	183	183	183	183	183	183	183
Behov nye plassar	● 74	● 68	● 65	● 66	● 70	● 69	● 77	● 75	● 78	● 82

Time kulturskule

Time kulturskule har i dag ca. 640 elevplassar. I Time kulturskule gis det undervisning innan kunstnarlege og kulturelle fag og det vert tilbydd opplæring innanfor eit breitt spekter som musikk, dans/ballett, drama/teater, kunstfag og skapande skriving. Dette krev ulike og tilrettelagde læringsrom for utøving. Time kulturskule er i dag lokalisert på Bryne skule noko som fordrar sambruk i forhold til lokalitetar. Elevtalet på Bryne skule og veksten i Time kulturskule, medfører at ein må vurdere nye lokalitetar for kulturskulen.

Time kulturskule har behov for etablering i egne sentrumsnære lokale. Lokale som er synlege, lett tilgjengelege og tilpassa lærings situasjonar innanfor kvar enkelt undervisningsdisiplin, samt god arbeidssituasjon for dei tilsette. Time kulturskule har eit breitt og attraktivt tilbod som krev eit mangfaldig romprogram etter fagleg standard. Det er også viktig å tenkja framover og skapa rom for fleksible løysingar som vil kunna ivareta ei fagutviding i kulturskulen. Det må leggjast til rette for fleksible rom som også kan møta morgondagens behov. Sak om Time kulturskule vert omtalt i avsnittet om oppfølging av politiske vedtak.

Bryne kompetansesenter

Bryne kompetansesenter gjev tilbod om norsk og samfunnskunnskap etter introduksjonslova, og grunnskuleopplæring for vaksne etter opplæringslova. Utviklinga sidan sist Skulebruksplan i 2018 er fortsatt nedgang i talet på deltakarar i norsk og samfunnskunnskap, medan talet for grunnskule for vaksne aukar litt. Ei anna endring er at Bryne kompetansesenter nå gjev fullverdig tilbod for alle dei tre kommunane Hå, Klepp og Time etter at Hå la ned opplæringssenteret i kommunen våren 2020. Talet på deltakarar ligg på om lag 250 totalt, og det er god kapasitet i bygningane som vert disponerert. Hausten 2020 vert det gjennomført tiltak knytt til universell utforming med ny heis og nytt inngangsparti. I første del av planperioden vil ny flyktingeteneste for Klepp og Time verta fusjonert og samlokalisert med Bryne kompetansesenter. På lengre sikt skal flyktingetenesta verta del av Bryne kompetansesenter.

Organisatorisk og pedagogisk fokus

Kva er formålstenlege storleikar på skulemiljø for leiing, tilsette og elevar?

Særskilt i forhold til fag på ungdomsskulane

Når ungdomsskulane overstig om lag 400 elevar passerer ein kapasiteten på spesialrom for praktisk-/ estetiske fag. Dersom skulen skal ta fleire elevar, må kapasiteten på spesialrom doblast, og då kan også elevtalet gå mot meir enn det doble.

På ungdomsskulane har elevane rett på eit framandspråk, t.d. tysk, fransk eller spansk. Frå 2015 blei også arbeidslivsfag innført som eit alternativ til andre framandspråk for elevar som ønskjer eit meir praktisk fag. På små skular er det vanskeleg å rekruttere lærarar som dekkjer alle språkfaga. I tillegg er det vanskeleg å dela elevar i dei ulike språkfaga grunna at gruppene vert for små. Elevane får då mindre valfridom.

Valfag blei innført i 2012 og elevane på ungdomstrinnet skal kunna velja mellom minimum to fag. Det beste er dersom dei kan velja mellom fleire fag, men det krev kapasitet og kompetanse for å dekkja dette. På skular med mindre enn to klassar per trinn, vil det vera utfordrande å kunna tilby elevane eit rikt val.

Rekruttering

«§ 13-10. Ansvarsomfang

Kommunen/fylkeskommunen og skoleeigaren for privat skole etter § 2-12 har ansvaret for at krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte, under dette å stille til disposisjon dei ressursane som er nødvendige for at krava skal kunne oppfyllest.»

Meld.St. 31 (2007-2008), «[Kvalitet i skolen](#)» og Meld.St. 21 (2016-2017), «[Lærelyst – tidlig innsats og kvalitet i skolen](#)», held fram følgjande om lærar og leiing som medverkande faktorar for auka kvalitet i skulen:

- **Kompetanse:** lærarane sin kompetanse er den aller viktigaste enkeltfaktoren for elevane si læring når ein ser vekk frå elevane sin bakgrunn. Rektorar og skuleleiinga har gjennom leiing av personalet ein indirekte effekt på elevane sitt læringsutbytte.
- **Tettare oppfølging på alle nivå:** lærarane må setja klarare krav og forventningar til kva elevane skal læra. Rektorane må ha tydelege krav og forventningar til læringsresultat og læringsmiljø ved skulen. Dei må vurdere samanhengen mellom pedagogisk praksis og elevane sitt utbytte av opplæringa. Skuleeigar må setja krav til rektorane om resultat og støtta skulane i deira forbetningsarbeid.

Lærarar

I 2012 vedtok Stortinget at undervisningspersonale skal ha relevant kompetanse i det faget han eller ho skal undervise i. Vedtaket trådde i kraft 1. januar 2014. Tidlegere gjaldt berre tilsetningskrav, og ein lærar kunne undervisa i fag dei ikkje hadde utdanning innanfor. Etter 2014 er det òg stilt krav til relevant utdanning for å undervisa i fag. Ei utvikling over år er at det er færre mannlege studentar som vel å ta lærarutdanninga. Dette medfører at det over tid vert færre mannlege søkjarar til lærarstillingar i kommunen spesielt på 1.-7. trinn. Politisk er

det stilt spørsmål ved denne utviklinga, og det er gjort vedtak (KS 053/17) om at ein skal sjå på korleis ein kan rekruttera fleire mannlege lærarar til yrket.

Barnetrinnet:

For å undervisa i faga norsk, samisk, norsk teiknspråk, engelsk og matematikk på barnetrinnet må den som skal undervisa ha 30 studiepoeng, i tillegg til å oppfylle tilsetjingskrava. I dei andre faga er det ikkje krav om relevante studiepoeng for å undervisa.

Ungdomstrinnet:

For å undervisa i faga norsk, samisk, norsk teiknspråk, engelsk og matematikk på ungdomstrinnet, må den som skal undervisa ha 60 studiepoeng, i tillegg til å oppfylle tilsetjingskrava. For valfaga, arbeidslivsfag og utdanningsval er det ikkje eit krav om relevante studiepoeng for å undervisa i faga. Den som skal undervisa må på same måte som tidlegare, oppfylle tilsetjingskrava. For andre fag enn dei som er nemnt er det krav om 30 relevante studiepoeng for å undervisa i det enkelte fag.

Lærarar tilbakemelder sjølve at dei ønskjer å arbeida i profesjonelle fagmiljø, med fleire kollegaer med same fagkrins. Dette er funn som kom fram i eit innovasjonsprosjekt i 2014, knytt til rekruttering i barnehage og skule i Time kommune. I samtalanene med lærarar her kom det tydeleg til uttrykk at det viktigaste for dei var å tilhøyra eit profesjonelt fagmiljø med god leiing. Dette fordi det fører til utvikling, og dei har samarbeidspartnarar å planleggja saman med for å kvalitetssikra undervisninga. For å få dette til må det vera minst 2, helst 3, klassar per trinn på skulen.

Status rekruttering og kvalifikasjonar på lærarar i skular i Time.

Ved hovudutlysinga i februar 2020 var det mange kvalifiserte lærarar som var på lista til Time. Søkjarane har ofte søkt i fleire kommunar, og er medverkande til at grunnlaget ikkje er heilt reelt. Erfaringane til skulane er at det fram mot sommaren er ein del endringar. Fristen for å seia opp stillinga er 1. mai og dette, i tillegg til permisjonar m.m. medfører ofte til ytterlegare behov. Dei seinare åra har ein sett ein trend der det likevel er mogleg å få tak i kvalifiserte lærarar også etter at tilsettingsprosessane er gjennomført i eigen og nærliggjande kommunar. Lærarutdanninga gjekk frå 4- årig til 5- årig master i 2017. Dette betyr at det i 2021 ikkje kjem nyutdanna lærarar ut frå utdanningsinstitusjonane, noko som med stort sannsyn vil medføre til færre søkjarar for skuleåret 2021/2022.

Når det gjelder kvalifiserte lærarar melder skulane om at dei har enkelte lærarar som manglar fag for å bli godkjende i tråd me kvalifikasjonskrava. Det er og ei utfordring å få lærarar som manglar fag til å ta vidareutdanning gjennom Kompetanse for Kvalitet. Endringa til masterutdanning medfører at komande lærarar berre har to – tre fag, og på mindre skular er tilbakemeldinga at ein med færre tilsette er meir sårbare, og at det er meir utfordrande å innfri kompetansekrava som ligg i lovverket.

Leing

Tabellen under presenterer utlysingar på rektorstillingar og søkjarar dei siste 5 åra.

Årstal	Skule	Søkjarar	Kvalifiserte
2016	Frøyland u	5	5
2016	Bryne u	3	3
2016	Undheim	4	2
2017	Hognestad	4	2
2018	Hognestad	2	1
2018	Bryne	2	2
2018	Lye	4	3
2020	Lye u	6	2 (trekte søknadene)

Det har i løpet av 5 år har vore utlyst 7 rektorstillingar i grunnskulen. Trenden er at det blir færre kvalifiserte søkjarar. Denne tendensen gjeld ikkje berre for Time kommune, men ein ser same utvikling i nærliggande kommunar. Frå 01.08.20 er det 8 kvinner og 1 mann som har rektorstilling i grunnskulane i kommunen.

Det er gjort tilgjengeleg forskning knytt til [stillinga som rektor og rekruttering til desse stillingane](#). Her kjem det fram er at dei som har hatt jobben lenge vel å stå i stillinga. Tendensen er at ein ikkje klarar å rekruttera yngre potensielle leiarar. Årsaksforklaringane på dette heng saman med kompleksiteten i jobben. Rektorrolla har dei siste ti-åra vore gjennom store endringar, og ein stor del av tida går til oppfølging av rapportering, HMS, økonomi og drift. Rektor sitt hovudmandat er å sørge for elevane si læring og utvikling, og skal driva prosessar i personalet som medfører godt læringsmiljø og gode læringsresultat. Rektor skal sørge for at kvar enkelt elev får si optimale utvikling.

Det er tidkrevjande å leia for utvikling i organisasjonar med mange tilsette som har høg formell kompetanse. Som kommune er det avgjerande at me har leiarar som opplever å bli lytta til, og som har støtte i si leing av komplekse organisasjonar.

Erfaringane er at rektorar som har hatt si stilling på mindre skular og som søker seg til nye rektorjobbar, søker på større skular. Årsaka til dette er behovet for å vera del av, og leia eit leiarteam. Krav og lovverk er det same uavhengig av skulestorleik, og opplevinga er at desse vert for mange og for store på ein liten skule. Eit viktig rekrutteringsgrunnlag er å definera tid til leing ut over rektor på skulane for å sikra eit leiarteam.

Erfaringane frå modellen med assisterande rektor og inspektørar frå 2014 viser at denne organiseringa ikkje i stor nok grad gjev rektorane tid og rom for å halda fokus på, og arbeida med elevane sitt læringsmiljø og læringsutbytte. Det har dei siste åra vore eit uttrykt behov frå rektorane på dei store skulane at det må gjerast endringar slik at dei kan delegera oppgåver knytt til oppfølging av personalet, og delar av det økonomiske ansvaret. Dette for å få ei meir effektiv oppfølging av dei tilsette, og for å frigjera tid og rom for leing av skuleutviklinga. På dei store skulane ønskjer ein å gå over til modellen som Klepp og Sandnes kommune har med avdelingsleiarar med delegert mynde.

Resultat og kvalitet i Timeskulen

I 2017 blei det arbeidd med omstilling i Time kommune med føremål om ei innsparing på 10 millionar kroner i 2018 og 25 millionar kroner i 2019. Som del av dette arbeidet blei det gitt mandat til eige prosjekt for skule. Mandatet til prosjektgruppa var å laga ei god oversikt over ulike løysingar for omstilling. Grunnlaget skulle vera del av det faglege for å vurdere mellombelse og framtidige løysingar for å imøtekoma målsettingar i planverk og for å sikra kapasitet på skulane.

Overordna blei det for skule sett på følgjande forhold; 1. Struktur og kvalitet og 2. Kapasitet og utnyttinga av eksisterande og planlagde bygg. Mandatet la opp til at ein skulle leggja kvaliteten i skulen til grunn for alle vurderingar.

Tematikken skulestruktur, kvalitet og kapasitet er viktige faktorar som del av ein skulebruksplan. Innhald og funn frå arbeidet med Omstilling skule 2017 er i denne planen oppdatert der det er sett på trendutviklinga fram til 2020.

Frå august 2020 trer ny læreplan i kraft. Den generelle delen er erstatta med «Overordna del- verdier og prinsipper for grunnopplæringa» og omhandlar; Formålet med opplæringa, 1. Opplæringens verdigrunnlag, 2. Prinsipper for læring, utvikling og danning og 3. Prinsipper for skolens praksis. Overordna del og Læreplanverket for kunnskapsløftet (LK20) er forskriftsfesta styringsdokument som skulane skal arbeida etter. ([Overordnet del – verdier og prinsipper for grunnopplæringa](#))

Kvalitet

Nasjonale føringar

Det grunnleggjande kravet som kommunen legg til grunn for grunnskuleopplæringa er henta frå Lov om grunnskule og den vidaregåande opplæringa § 13-1: «Kommunen skal oppfylle retten til grunnskuleopplæring etter denne lova for alle som er busette i kommunen». Skuleeigar skal sikra at det er rutinar for at den enkelte skule jamleg vurderer i kva grad organisering, tilrettelegging og gjennomføring av opplæringa medverkar til å nå mål sett i Læreplanverket for kunnskapsløftet (LK20). Elevane skal involverast i denne vurderinga. jmf. forskrift §2-1 til opplæringslova

Meld.St. 31 (2007-2008), «[Kvalitet i skolen](#)» og Meld.St. 21 (2016-2017), «[Lærelyst – tidlig innsats og kvalitet i skole](#)», legg grunnlaget for kva ein definerer med kvalitet i opplæringa, og korleis ein skal måla kvaliteten.

Regjeringa sine mål for grunnopplæringa som kommunen skal vurdere kvalitet opp mot er endra frå tre til fire område sidan 2017.

Følgjande mål var gjeldande i 2017:

1. *Alle elever som går ut av grunnskolen, skal mestre grunnleggjande ferdigheter som gjør dem i stand til å delta i vidare utdanning og arbeidsliv*

2. *Alle elever og lærlinger som er i stand til det, skal gjennomføre videregående opplæring med kompetansebevis som anerkjennes for videre studier eller i arbeidslivet*
3. *Alle elever og lærlinger skal inkluderes og oppleve mestring*

(Henta frå Udir.no)

Følgjande mål er gjeldande frå august 2020:

1. *Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø*
2. *Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg slik at alle får utvikla potensialet sitt*
3. *Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse*
4. *Alle lykkast med opplæringa og utdanninga*

(Henta frå Udir.no)

Når det gjeld punkt 2 vil ein av indikatorane for å vurdera kor elevane er i si læring vera dei nasjonale prøvane som måler grunnleggjande ferdigheiter i rekning, lesing og engelsk. Kommunen sine elevar som ligg på lågast meistringsnivå (nivå 1) skal sjåast opp mot det nasjonale snittet på lågast meistringsnivå. Ligg me under nasjonalt snitt over tid har me elevar som har behov for ekstra innsats, og det bør setjast inn tiltak.

Meldingane tek utgangspunkt i grunnskulen sitt samfunnsmandat og slår fast at kvaliteten skal kjenneteiknast av i kor stor grad dei ulike måla i samfunnsmandatet vert verkeleggjort.

Time kommune vurdert opp mot nasjonale mål

Ein føresetnad for å sjå på omstilling og effektivisering innanfor området i 2017 var at ein skulle leggja dei nasjonale føringane for kvalitet i skulen til grunn. I omstillingsprosjektet blei det valt å vurdera kommunen si måloppnåing i forhold til mål 1. og 3. ut frå gitt mandat. Desse punkta er nå nummer 1. og 2.

Mål 1: Inkluderande læringsmiljø

Mål 1. for grunnopplæringa er at eleven skal oppleva meistring og verta inkludert. Det blei i 2017 søkt å finna eit mønster mellom lærartettleik og skulestorleik på den eine sida, og skulemiljø (trivsel og mobbing) og læringslyst (motivasjon og meistring) på den andre sida.

Ein tendens som kom fram var at læringsmiljøet var betre på dei største skulane, og det synest som at lærartettleik ikkje hadde utslagsgjevande effekt. Læringslysten såg ikkje ut til å ha samanheng med skulestorleik eller lærartettleik.

Sidan det blei innført lærarnorm frå 2018 er føresetnad for å sjå lærartettleik og skulestorleik i samanheng med skulemiljø og læringslyst endra, og derav ikkje aktuelt å sjå på i denne planen.

Dersom ein ser på skulemiljøet (trivsel og mobbing) og læringslyst (motivasjon og meistring) uavhengig av lærartettleik er tendensen dei tre siste åra at elevane to av dei tre åra tilbakemeldar høgare trivsel enn på nasjonalt nivå på dei største barneskulane. For dei andre skulane er det større variasjon mellom år.

På ungdomstrinnet er det høgare trivsel enn på nasjonalt nivå to av tre år på to av ungdomsskulane. Skuleåret 2019-2020 er det berre elevar på ein av ungdomsskulane som tilbakemelder høgare trivsel enn nasjonalt.

Tendensen dei tre siste åra knytt til mobbing er at dei fleste barneskulane alle åra har færre elevar som tilbakemelder at dei blir mobba enn nasjonalt nivå. Den same tendensen ser ein for ungdomsskulane. Elevane sin opplevde motivasjon på barnetrinnet har dei tre siste åra vore varierende, og ligg for dei fleste skulane under nasjonalt snitt siste året. På ungdomstrinnet er det større likskap mellom skulane og der alle i 2017-2018 låg over nasjonalt snitt, ligg alle i 2019-2020 under nasjonalt snitt. På barneskulane tilbakemelder elevane om større grad av meistring enn nasjonalt nivå to av dei tre siste åra på dei fleste skulane. Det same biletet er det for ungdomsskulane.

Mål 2: Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg slik at alle får utvikla potensialet sitt

Mål 2 for grunnopplæringa omhandlar at ein skal kunna identifisera kva elevar som har behov for ekstra hjelp, om dei får dette, og at innsatsen vert sett inn tidleg. Ein av fleire indikatorar som skal brukast er grunnleggjande ferdigheit. Tek ein utgangspunkt i dei nasjonale prøvane, syner denne at Time i fire av dei fem siste åra samla sett har hatt fleire elevar enn nasjonalt i femte klasse som ligg på det lågaste nivået (nivå 1) i lesing. Det siste året er det færre elevar som ligg på nivå 1, og nivået er nå på nasjonalt snitt. I rekning har ein i to av dei fem siste åra hatt færre elevar på nivå 1 på 5. trinn enn nasjonalt. I engelsk har kommunen hatt færre elevar på nivå 1 sett opp mot nasjonalt nivå alle dei fem åra på 5. trinn.

Ser ein på resultatata for åttande klasse er det fleire elevar på nivå 1 i lesing i tre av dei fem siste åra. Det har vore færre elevar på nivå 1 i rekning i fire av dei fem åra. Det siste året er det fleire på nivå 1 enn nasjonalt. Biletet er tilsvarande for engelsk.

For å få meir relevant informasjon med tanke på mandat i Omstilling 2017 blei det sett meir inngåande på resultat for dei enkelte skulane. Det framkom av analysen at skulestorleik ikkje hadde særleg innverknad for læringsresultat og kvalitetsmål knytt til mål nummer 2. (Det er ikkje påvist ein tendens om betre resultat i forhold til skulestorleik). Gjennomgang av tal for dei enkelte skulane fram til 2020 støttar opp om dette.

Lærarnorma har medført til at det er betre lærardekning i Timeskulane enn me hadde i 2017. Korleis, og om dette vil påverka resultat i Timeskolen, er for tidleg å kunna seia noko om.

Bygningsmessig fokus

Kva skuleanlegg bør me ta med inn i framtida, kva for nokre bør endrast eller fasast ut?

Dei fleste skulane i Time er i god stand. Dei seinare åra er det utvida med tilbygg og auka kapasitet på Bryne ungdomsskule og Frøyland skule. I august får me utvida kapasitet på ungdomstrinnet på Bryne med ny ungdomsskule i Vardheia. Bryne ungdomsskule har i vekstperioden hatt 140 000 kroner i årlege leigeutgifter av Jærhallen grunna manglande kapasitet. Denne avtalen kan nå seiast opp og Bryne ungdomsskule kan bruka enkelttimar i fleirbrukshallen til Vardheia ungdomsskule dersom det vert behov.

Bryne skule har fleire bygningar av ulike årstal. Lokala for kroppsøvfaget på Bryne skule er gammal, og det må gjerast utbetringar her.

Hognestad skule er i ei forfatning som medfører at det må gjerast omfattande tiltak dersom skulen skal vidareførast. Som del av arbeidet med skulebruksplanen i perioden 2020-2028 er det gitt Norconsult i oppdrag å gjennomføra ei tilstandsvurdering av bygningsmassen og vurdera kostnader ved eventuell rehabilitering med tilbygg eller nytt skulebygg til 100 elevar. Rapportane ligg som vedlegg i saka.

Økonomisk fokus

Kva løysingar er mest fordelaktige og sikrar årlege driftsbudsjett?

Sosioøkonomiske forhold

I Kommuneplan Time kommune, 2018-2030- Arealdelen – Fase 1 kjem det fram at ein skal ha gode lokalmiljø i tettstadane og i sentrum. Det er uttrykt at ein skal sikra ei berekraftig utvikling der det er tilrettelagt for vekst på tettstadane. Dette omhandlar Lyefjell, Undheim og Kvernaland i planen. Det er søkt å få til moglegheiter for utbyggingar på Hognestad, men det er konkludert med at det ikkje let seg gjera. Hognestad skule ligg med sine 4 kilometer frå Bryne sentrum nærare i avstand enn dei andre tettstadane i Time, og har tilgang på kultur- og idrettsmiljøet på Bryne. Innbyggjarane på Hognestad ønskjer å behalda skulen sin, og uttrykkjer at det vil vera særst uheldig for bygda dersom skulen vert lagt ned. Det vil medføra til negative ringverknadar som omhandlar samhald, identitet, og samlingspunktet som idrettslaget og skulen er.

Økonomiske forhold

Dei økonomiske føresetnadane i Timeplan 2020-2023 syner at inntektene til kommunen er lågare enn kostnadane ved å oppretthalda dagens drift. Det er eit samfunnsansvar å sikra at det vert gitt eit godt tenestetilbod til innbyggjarane, og effektiv nytte av eksisterande bygg.

I Time kommune er det ulik storleik på skulane frå 90 elevar til 583. Utrekningar, med grunnlag i tal frå rekneskapsåret 2019, syner at kostnadane per elev på ein skule med 580

elevar er ca 70 000 per år medan kostnadane på ein skule med 90 elevar er ca 120 000 kroner. Differansen i driftsutgifter vert ca 50 000 kroner per elev i året.

Hognestad skule

I Rapporten til Norconsult er det berekna kva det vil kosta å rehabilitera og byggja ut Hognestad skule, og kostnadane for å byggja heilt ny skule for 100 elevar.

I alternativet med rehabilitering og nybygg er kostnadane estimert til om lag 48 millionar. Årlege renter og avdrag på lån føresett at det er eit annuïtetslån med like årlege beløp (renter+avdrag), 2% rente over 30 år gjev ein årleg kostnad på om lag 2,1 millionar i året.

I alternativet med bygging av ny skule er kostnadane estimert til om lag 88 millionar. Årlege renter og avdrag på lån føresett at det er eit annuïtetslån med like årlege beløp (renter+avdrag), 2% rente over 30 år gjev ein årleg kostnad på om lag 3,9 millionar i året.

Det må i begge dei to alternativa pårekna kostnadar for midlertidige løysingar for elevane i perioden rehabilitering eller bygg av ny skule er pågåande.

Dersom områda som er regulert for utbygging på Bryne etter 2030 blir realisert vil det aktualisera behov for og låneopptak til ny barneskule.

Oppfølging av vedtak i kommunestyret i sak om Skulebruksplan 2018-2025

Ny barneskule på Bryne

Vedtak i kommunestyret (KS-020/18):

1a) Kommunestyret legg til grunn alternativ 3A for skulebruksplan der ein skal byggja ny barneskule 1.-7. klasse på Bryne for endelig framtidig løysning for barneskulekapasiteten. Skulen skal etablerast i aksen Re/Håland og skal planlegges ferdigstil 2026/2027. Endelig avklaring må vurderes i revidert skulebruksplan 2020

«Alternativ 3a i skulebruksplanen: Ny skule på Re. Alternativet gjer at kommunen kan nytta Time VGS-tomta til andre føremål og eventuelt få salsinntekter på dette. Formannskapssak 105/17 har estimert slike salsinntekter til rundt 45 millionar kroner.

Føresetnader: Alternativet krev ei midlertidig løysing på kapasitetsutfordringa på Bryne fram til ny skule står klar. Skulen må ha minimum gymhall til kroppsøvingsfaget.

Hognestad skule må avviklast

Økonomi: Bygging av ny skule er estimert til rundt 260 millionar kroner med kapasitet for 550 elevar og 165 millionar kroner for kapasitet på 350 elevar. Erverv av tomta vil koma på rundt 30 millionar kroner. Gymhall/fleirbrukshall er estimert til mellom 40-50 millionar kroner. Totalt mellom 235-340 millionar kroner avhengig av skule- og hallstorleik.

Tid: Skulen vil kunna stå klar rundt 2022/2023» (Henta frå Skulebruksplanen 2018-2025)

1b) Kommunestyre legg til grunn alternativ 1A som kortsiktig løysning for skulekapasiteten til ein endeleg kan vurdere befolkningsutviklingen i kommunen.

«Alternativ 1a i skulebruksplanen: Når ny ungdomsskule i Nordlysvegen står ferdig i årsskiftet 2020/2021, kan ein utnytta kapasiteten maksimalt frå dag ein. Dette vil gje ein ledig kapasitet på rundt 200 elevplassar på Bryne ungdomsskule. Den ledige kapasiteten kan brukast til å takla kapasitetsutfordringa til barneskulane på Bryne

Føresetnad: Bryne ungdomsskule vert då ein 7-10 skule. Kommunen må fastsetja skulekringsgrenser ut frå dette

Økonomi: Alternativet har ikkje kostnader ved seg

Tid: Kan implementerast frå 2020/2021» (Henta frå Skulebruksplanen 2018-2025)

Vurdering

Vedtak om alternativ 1A knytt til kortsiktige utfordringar med kapasitet på barneskulane på Bryne er med framskriving av elevtalet ikkje nødvendig å setja i verk. For å løysa utfordringane med kapasitet på Rosseland skule er i staden klasserom i gamle Time vidaregåande skule pussa opp og teke i bruk av 6. og 7. trinn.

Status og behov på barneskulane i Bryne

Framskrivinga av elevtalet syner at det ikkje er behov for å byggja ny barneskule innan 2026/2027. Elevtalet på begge skulane går ned, og dei vil vera innanfor eigen kapasitet i løpet av planperiodane 2020-2024, 2024-2028. Rosseland skule har behov for å nytta klasseromma i tidlegare Time vidaregåande skule ut i siste del av perioden. Ser ein ut over 2028 vil det med planlagde utbyggingar kunna vera aktuelt å byggja ny barneskule i Bryne etter 2030.

I vedtaket kjem det fram at skulen skal etablerast i aksen Re/Håland. Avsett tomt til skuleformål ligg på Re (OB9), og med tanke på avstand til Bryne skule blei det vurdert moglegheiter for plassering av ny skule på Håland. I arbeidet med revisjon av kommuneplanen sin arealdel (KP 2018-2030) kom det innspel om å omdisponera ein del av eit delområde på Håland frå næring- til bustadformål. Styringsgruppa for planarbeidet vurderte at næringsområda på Håland, på grunn av sin gunstige plassering i forhold til vegsystem, var eit viktig næringsområde med fortettingspotensial. Innspelet blei derfor ikkje innarbeidt i planforslaget som blei godkjent desember 2019. Den nordlige delen av det aktuelle delområdet ville ut frå nærleiksprinsippet vore svært eigna for å etablere ein ny skule. Med tanke på at grunneigar kom med forslag om å omdisponera til eit anna formål, blei området derfor sett på som eit mogleg alternativ.

Som del av dialogmøtet med politikarar, foreldrerepresentantar og tillitsvalde blei det sett på moglegheita for å flytta regulert tomt til skuleformål til Håland (Jæren Outlet). Det framkom av tilbakemeldingane i gruppene at det var positivt med denne plasseringa med tanke på fordeling av elevane. For Hognestad er det positivt at det er trygge skuleveggar, gode sykkelstiar. Den største innvendinga var at skulen ville verta plassert i eit næringsområde.

I etterkant av dialogmøtet har det blitt sendt inn søknad om å bygga eit stort tilbygg til den eksisterande bygningen. Det aktuelle arealet vert difor ikkje lenger vurdert som skuletomt.

Endra regulering av tomt til Re skule:

Regulert tomt til Re skule ligg tett opp til Bryne skule. Som eit alternativ til å flytta tomte til Håland er det med tanke på innspela i dialogmøtet, og på grunnlag av nærskuleprinsippet og fordeling av elevar i framtida, ønska at denne tomte vert endra og plassert lenger sør i samband med komande utbyggingar. Kartet på neste side syner plasseringane av skulane i dag, og forslag til ny plassering av tomt for Re skule.

Hognestad skule skal ut frå vedtaket i alternativ 3a avviklast. Det blei i dialogmøtet diskutert følgjande dilemma knytt til kva og korleis framover:

Me skal sikra at det er handlingsrom til å nytta kapasitet i eksisterande bygg på ein effektiv måte (*Timeplan 2020-2023*)

- Føresetnadane for vedtaket i 2018 om ny skule er endra. Det er lågare folkevekst enn tidlegare prognosar har vist. Det er kapasitet på skulane i planperiodane i perioden 2020-2028
- Hognestad skule må ha ny godkjenning i 2024 knytt til miljøretta helsevern. Skepsis til at skulen kan stå 10 år fram i tid
- På lang sikt kan det verta store utbyggingar i sentrum. Dette vil på sikt utfordra kapasiteten i barneskulane på Bryne

Det blei i dialogmøtet presentert følgjande forslag til framtidig løysing:

Forslag 1:

- Når ny skule er bygd vil Hognestad skule inngå i skulekrins for ny skule
- Føresett ny godkjenning av skulen i 2024 skal elevane fortsetja på Hognestad til ny skule står klar
- Det må tilførast ekstra ressursar (ut over læranorm) til lærarårsverk så lenge skulen er i drift

Forslag 2

- Når ny skule er bygd vil Hognestad skule inngå i skulekrins for ny skule
- Frå 2024 skal elevane få skuleplass på sentrumsskulane fram til ny skule står klar

Fagstab oppvekst tilrådde forslag 2 til løysing. Elevane ved Hognestad skule vil etter 2024 få plass på sentrumsskulane med grunngjeving i status på bygg, romkapasitet og pedagogisk tilrettelegging

Med utgangspunkt i desse fakta, og forhold som omhandlar økonomi, kvalitet og avstand til skule diskuterte dei fire gruppene fordelar og ulemper med forslag 1. og 2. til løysing.

Summert var innspela som følgjer til løysing 1:

Fordelar: Større miljø for elevar. Lokalmiljøet får behalde skulen lenger. Skulen kan flyttast samla. Mindre skulebyte. Fagkompetanse og læringsmiljø.

Ulemper: Helseskadeleg og kostnad ved tiltak som allereie må gjerast. Lengre tid i dårlege lokale. HMS og pedagogiske forhold. Kostnadskrevjande. Bygda

Summert var innspela som følgjer til løysing 2:

Fordelar: Føreseieleg. Billegare forslag. Større læringsmiljø. Betre kompetanse blant dei tilsette. Meir økonomisk og tilgang til spesialrom. Meir føreseieleg, HMS og kompetanse

Ulemper: Flytta frå bygda, og elevane må flytta fleire gonger. Ulempe med brå overgang til andre skular. Kan bli splitta i fleire skular. Fleire skulebyte. Reise og bygda vil miste samlingspunktet

På spørsmålet om gruppene hadde andre forslag til løysingar kom følgjande fram: *Dialog med Hognestad, rive skulen og bygge nytt. Hognestadelevane kan flyttast til Undheim. Blir det forslag 2 kan ein ha gradvis utfasing av elevane. Forslag til ny tomt: Sørsida av Tjødna, på andre sida av vegen. Utvida Hognestadkrinsen? Spørsmål om det er rett å driva fram til 2024 ut frå forhold og HMS/pedagogiske forhold*

Hognestad skule:

Følgjande forhold understøtter vedtaket i Kommunestyret i 2018 (*KS-020/18*) om ei avvikling av Hognestad skule, sjølv om det ikkje vert bygd ny barneskule fram mot 2028:

Det vil ikkje bli lagt til rette for ny utviklingsmoglegheit jmf. Kommuneplan Time kommune, 2018-2030- Arealdelen Fase 1.

- Elevtalet ved Hognestad skule går ned og vil i siste planperioden 2024-2028 vera rett over 70 elevar.

Me skal sikra at det er handlingsrom til å nytta kapasitet i eksisterande bygg på ein effektiv måte (*Timeplan 2020-2023*)

- Rosseland skule har med klasseromma i gamle Time vidaregåande skule kapasitet til å ta i mot elevane på Hognestad i dei to komande planperiodane 2020-2024, 2024-2028. Dette sikrar at ein ikkje splittar elevane slik det kom innspel om i dialogmøtet. Dette vil gje ei årleg innsparing på 4,5 mill. kroner knytt til drifstugifter per elev. Det må trekkjast frå at dette vil medføra at fleire elevar kan ha krav på skyss enn i dag. Kommunen sin kostnad per elev er 34 kroner tur- retur.
- Det er sett på mogleg inndeling av grunnkretsar ved ny barneskule på Bryne, og det vil vere mogleg at elevane frå Hognestad forsett på Rosseland skule også etter at ny skule er bygd.

Økonomiske kostnadar det vil medføra å byggja ny skule på Hognestad nå, i tillegg til investering i ny barneskule på lengre sikt sett i lys av kommunen sitt budsjett (*Timeplan 2020-2023*)

- Dei økonomiske omkostningane ved å rehabilitera eller byggja ny skule vil medføra auka låneopptak for kommunen.

Å oppretthalda drift på Hognestad skule fram til 2024 vil medføra meirutgifter på to lærarårsverk. Tilstanden på bygningsmassen ut frå rapportar gjennomført av miljøretta helsevern og tilstandsvurdering gjort av Norconsult vil medføre at ein endrar tidspunktet for å fasa ut Hognestad skule frå 2024 til 2022

Det må våren 2021 leggjast opp til gode prosessar i dialog med foreldrerepresentantar og elevar på Hognestad skule der det vert planlagt for korleis ein skal gjennomføra overgangar før skulestart 2022.

Rettleiande inntaksgrenser for ungdomsskulane på Bryne

Kommunestyret ber rådmannen fremja sak om nødvendige forskrifter for skulekringsgrenser i Time kommune

Time kommunestyre oppheva i 2010 med verknad frå august 2012 kringsgrensene i Time, og det er fritt skuleval dersom det er kapasitet på dei skulane elevane søker seg til. Time kommune har frå august to nærliggjande ungdomsskular på Bryne. Det er nødvendig å ha føreseielege rammer for innbyggjarane i Bryne og for dei som vurderer å flytta til kommunen, knytt til kva skule barna soknar til.

Nærskuleprinsippet og skulekretsar

Med nye Vardheia ungdomsskule i 2021 er kapasiteten på ungdomstrinnet i Bryne auka frå 450 til 675 elevar. Bryne ungdomsskule er i dag nærskulen for elevane som kjem frå Hognestad skule, Bryne skule og Rosseland skule. Kva skule elevane soknar til er heimla i opplæringslova § 8-1 første ledd første punkt. Her står det at elevane: *«har rett til å gå på den skolen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til»*. Dette vert kalla for nærskuleprinsippet.

Opplæringslova § 8-1 første ledd andre punkt gjer kommunane heimel til å fastsetta forskrifter *«om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til»*. Desse områda vert kalla for skulekrinsar. Kommunen skal legge vekt på nærskuleprinsippet, men òg omsyn som topografi og trygge/utrygge skuleveggar, når ein fastset skulekrinsar.


Bryne ungdomsskule og Vardheia ungdomsskule ligg geografisk nær kvarandre. Med utgangspunkt i nærskuleprinsippet er det få elevar på Bryne som naturleg har kortast avstand til ny ungdomsskule. Opplæringslova fastset at kommunar unntaksvis kan fastsette skulekretsar der geografisk nærleik må vike. Dette inneberer at kommunen må fylla opp skulane kvart år med dei elevane som etter nærskuleprinsippet høyrer til den enkelte skule. I praksis betyr dette at sjølv om det vert utforma forskrift til skulekrinsar som definerer kva elevar som skal gå på ny ungdomsskule i Nordlysvegen, har desse elevane rett til å gå på Bryne ungdomsskule dersom det er færre enn 150 elevar per trinn. I staden for ei forskrift vil det verta utforma rettleiande inntaksgrenser for nærskulane på ungdomstrinnet på Bryne. Dette er viktig for å skapa føreseielege rammer for elevar og føresette, og som rettesnor i sakshandsaming. Det må framkoma tydeleg at elevar som har kortast avstand til Bryne ungdomsskule vil ha retten til å gå på denne skulen så langt det er under 150 elevar på det enkelte trinnet.

Rettleiande inntaksgrenser for nærskulane på ungdomstrinnet i Bryne

I dialogmøtet i februar blei det presentert to ulike alternativ til kor rettleiande inntaksgrensene for ungdomsskulane på Bryne skal vera. Dei ulike alternativa var som følgjer:

Alternativ 1.

Kartet nedanfor syner ei inndeling der elevar som bur i grøn sone vil ha Vardheia ungdomsskule som sin nærskule. Elevar som bur i lilla sone vil ha Bryne ungdomsskule som sin nærskule. Grensa følgjer fv 44 inn på Ree-vegen (ved avkjøyrsla til Orrevegen) og går rett nord opp til Arne Garborgs veg. Følgjer Arne Garborgs veg til rundkøyringa ved Storstova, går opp langs Hetlandsgata til Rektor Sælands veg, hoppar frå Rektor Sælands veg til Snorres gate og går opp Kong Haakons veg til rundkøyringa ved Esso.




- Vardheia ungdomsskule
- Bryne ungdomsskule

Framskriving av elevtal: I 2021 vil Vardheia starta opp med 8. og 9. klasse, mens 10. klasse går ut grunnskulen på Bryne ungdomsskule. Dette medfører at talet på elevar er ca 1/3 del mindre enn prognosen syner.

Alternativ 1	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Elevar Vardheia 1	97	108	111	108	105	104	97	99
Elevar Bryne U 1	369	389	397	397	389	376	384	361

Alternativ 2.

Kartet nedanfor syner ei inndeling der elevar som bur i grøn sone vil ha Vardheia ungdomsskule som sin nærskule. Elevar som bur i lilla sone vil ha Bryne ungdomsskule som sin nærskule. Grensa følgjer fv 44 inn på Ree-vegen (ved avkøyrsla til Orrevegen) og går rett nord opp til Arne Garborgs veg. Følgjer Arne Garborgs veg til rundkøyringa ved Storstova, går opp langs Hetlandsgata til Trallfavegen, ned til Kong Magnus gate, vidare forbi Rosseland skule, inn på Rosselands-vegen, og opp langs Kong Haakons veg (Esso).



- Vardheia ungdomsskule
- Bryne ungdomsskule

Framskrivning av elevtal: I 2021 vil Vardheia starta opp med 8. og 9. klasse, mens 10. klasse går ut grunnskulen på Bryne ungdomsskule. Dette medfører at talet på elevar er ca 1/3 del mindre enn prognosen syner.

Alternativ 2	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Elevar Vardheia u. 2	129	144	144	141	140	138	137	136
Elevar Bryne u. 2	337	353	365	366	356	343	345	325

Kapasitet ved Bryne ungdomsskule ved dei ulike alternativ.

Framover i planperiodane vil det vera ein liten vekst før det flatar ut og går litt nedover igjen. For begge alternativ vil det verta god kapasitet på Bryne ungdomsskule. Dette vil vera med på å kunna løysa utfordringane ein har hatt med kapasitet i lokala for valfaget fysisk aktivitet og til faget kroppsøving. Ved behov ut over dette kan det vera sambruk med Vardheia ungdomsskule.

Kapasitet ved Vardheia ungdomsskule ved dei ulike alternativ.

Framover i planperiodane vil elevtalet ut frå prognosane vera stabilt på rundt 100 eller 150 elevar ut frå ei to ulike alternativ. Dette medfører at det er god kapasitet for Time kommune sin del i Vardheia ungdomsskule. Dersom Klepp kommune har behov for fleire elevplassar enn 225 er det mogleg å utvida for auka elevtal frå Klepp så lenge det ikkje er behov i eigen kommune.

Tilbakemeldingane frå gruppene i dialogmøtet på dei to ulike alternativ var som følgjer:

- *Alternativ 1 er best – med minst område til Vardheia. Ønskjer dette på grunn av ønske om å oppretthalda elevtalet på Bryne u.*
- *Alternativ 2: Forslag 2 er det beste fordi det er betre kapasitet for sentrumsskulen. I kringsgrensa som er skissert er det ikkje veg som er egna som grense. Betre med grense i forhold til forslag 2. Meir robust elevgruppe frå Rosseland. Betre balanse mellom Klepp og Time ift elevtal på Vardheia. Forslag 2 er best. Luksusproblem: Kjem i nye klassar, avstand ikkje ei utfordring. Dei kan sykle. Utbygging Sørøraust i Time. Desse elevane vil sokne til Bryne u.*
- *Eit anna innspel som kom frå ei av gruppene var følgjande: Lye og Undheim kan byrja i Vardheia, og Bryne u elevane kan oppretthaldast slik det er i dag.*

Innspela i dialogmøtet var del av vurderinga av kva alternativ ein vil gå for ved fastsetjing av rettleiande inntaksgrenser. I vertskommuneavtalen er det avtalt at kommunane deler utgiftene for bygg med 50-50. Driftsutgifter knytt til elevane skal fordelast mellom kommunane ut frå elevtalet. Det er ønska å nytta kapasiteten på Bryne ungdomsskule i størt mogleg grad. Ut frå ei samla økonomisk vurdering vert alternativ 1 vurdert som den beste løysinga.

Rettleiande inntaksgrenser for nærskulane på ungdomstrinnet i Bryne

Alternativ 1 vert lagt til grunn for dei rettleiande inntaksgrensene for nærskulane for elevar på ungdomsskulane på Bryne frå august 2021.

ATO avdeling

Kommunestyret ber rådmannen fremja eiga sak om framtidig løysing for ATO-tilbodet etter at eksisterande avtale er vurdert saman med Klepp kommune

Time kommune har i dag samarbeid med Klepp kommune på Orstad læringscenter for kjøp av plasser til elevar som har behov for alternativ opplæringsarena. I avtalen er talet på plasser som Time kommune kan disponera på fire elevar. Den eksisterande avtalen er frå 2003, og er nå under revidering. Det har vore dialog med Klepp kommune knytt til eksisterande avtale og det er ønska av begge kommunane å samarbeida om dette tilbodet. I dialogmøtet i februar blei det stilt følgjande spørsmål som gruppene skule diskutera: Er det noko de meiner er viktig i tillegg til kvalitet og kompetanse som me bør ta med oss i dialogen og samarbeidet om felles ATO-avdeling med Klepp kommune?

Gruppene kom med følgjande innspel som vil vera del av dialogen og avtaleutforminga med Klepp: Viktig kor ATO skal ligga. Er bygget tenkt nytt eller gamalt? Må vera tilrettelagt for elevar med særskilte behov. Reise/buss /taxi må tas med i økonomiberekninga. Kommunen må snakka fram tilbodet- få foreldre til å vite om tilbodet. Må vera plassert slik at det er kort avstand for alle (eksempelvis ikkje Bore – Orre). Må vera tilrettelagt bygg med god tilrettelegging for elevane. Ønskjer å inkludera SFO tilbod på same avdeling slik at dei ikkje treng å reisa til TAT. Slepp å reisa ekstra. Dette må tas opp med Klepp. Samarbeid og kommunikasjon mellom kommunane vil vera viktig. Lokalitetane må òg passa for Time kommune. Fleksibel kapasitet – samhandling med foreldre tidlig. Når ein har eigen ATO kan kompetansen på skulane bli liten. Kan ein få til samarbeid med ATO slik at kompetansen kan nå ut til skulane? Samhandling med oppvekst – ferieavvikling

Felles ATO avdeling mellom Klepp og Time kommune

Det vert oppretta felles ATO avdeling mellom Time og Klepp som kan dekkja behovet for plassar samla for kommunane. Tilbodet skal lokaliserast i Klepp kommune som eit vertskommunesamarbeid. Innspela frå dialogmøtet i Time vert del av vurderingar som skal gjerast i avtaleutforminga med Klepp kommune.

Symjehall

Ny symjehall skal lokaliserast i tilknytning til Timehallen

Eventuell ny kommunal fleirbrukshall skal inngå i planlegginga av symjehallen og utbygginga av området.

Knytt til sak om symjehall i Skulebruksplan blei det gjort følgjande politisk vedtak (KS-020/18) i sak om «Skulebruksplan 2018-2025»:

5 a) Ny symjehall skal lokaliserast i tilknytning til Timehallen

b) Eventuell ny kommunal fleirbrukshall skal inngå i planlegginga av symjehallen og utbygginga av området.

I 2019 blei det i samband med økonomiplanen gjort følgjande vedtak i Time formannskap (097/19):

Symjehall blir utsett til 2023, men kan sjåast i samanheng med bygging av ny idrettshall.

Lokale til kroppsøving på Bryne skule

I Timeplan 2020-2024 (*ØP 2020 – 2024: 2252 Gymsal Bryne skule*) er det sett av 4 millionar kroner til oppgradering/utviding av gymnastikksalen ved Bryne skule i budsjettåret 2022. Det må setjast i verk forprosjekt for tiltaket i 2021, og leggjast inn ressursar til sjølv prosjektet i komande økonomiplanperiode.

Leiing på skulane

For Time kommune er det viktig å rekruttera og behalda nye og erfarne rektorarar i Timeskulen. Ved utlysingar dei seinare åra har det blitt stadig meir utfordrande å få tilgang på mange og gode søkjarar. Det må gjennomførast prosessar i samarbeid med leiargruppa og tillitsvalde knytt til behovet.

Uløyste oppgåver som er omtala i planen:

Kommunestyret ber rådmannen fremja eiga sak om lokalisering av kulturskulen etter at moglegheitsstudie for nye Storstova er ferdig

Det har i fleire Skulebruksplanar vore uttrykt at Time kulturskule har behov for egne lokalitetar. Status i saka er at kulturskulen har vore del av sak og drøftingar knytt til framtidig bruk av Storstova etter at kinoen blei bygd. Kulturskulen var ikkje del av tema som blei diskutert i dialogmøte fordi det er politisk vedtak om at ein først skal handsama sak om Storståva.

«Skulebruksplan 2018-2025» Politisk vedtak (KS-020/18)

- *Kommunestyret ber rådmannen fremja eiga sak om lokalisering av kulturskulen etter at moglegheitsstudie for nye Storstova er ferdig*

Sak «Nye Storstova- status og vegen vidare» (ikkje moglegheitstudie) Politisk vedtak (KS-082/18)

- *Ny sak om val av alternativ for framtidig rehabilitering/utbygging av Nye Storstova vert lagt fram til politisk behandling i 2019.*

Sak blei ikkje lagt fram grunna kommunen sin økonomiske situasjon

Sak «Timeplan 2020-2023». Politisk vedtak (KS-085/19)

- *Eitt av tiltaka Kultur skal utføra i 2020 (kap. 5.3.3) er å- Avklara konsept for framtidias Storstova*

Tenkt framtidig løysing: Kommunestyret vil ha ei eiga saka om nye lokale til kulturskulen, men først etter at dette er vurdert som del av sak om moglegheitsstudien Nye Storstova. Inntil sak har vore til politisk handsaming, vil Kulturskulen vera lokalisert i Bryne skule.